

Årsmøte - Referat

Fredag 10. februar 2017 klokka 18:00 i Idrettslaget sitt klubbhus

Godkjenning av innkallinga: Innkallinga vart godkjent

Val av møteleiar: Inge Bakke

Val av referent: Ole Bosnes

Val av to til å skrive under møteprotokollen: Magnar Osmundsvåg og John Haugen

Alle val vart gjort ved akklamasjon.

SAKER

1. Årsmelding

VEDTAK: Årsmeldinga vert godkjent utan merknader.

2. Rekneskap

VEDTAK: Rekneskapen vert godkjent utan merknader.

3. Fastsetting av...

- a. Årleg medlemskontingent (vart handsama etter sak 8)

VEDTAK: 1500 kroner.

- b. Størrelse på andelar

VEDTAK: Uendra (vedtektsfesta).

- c. Frikjøp dugnad

VEDTAK: 800 kroner.

- d. Prisar ved slipping:

VEDTAK: Slippsetting for medlem: 400 kroner, for ikkje-medlem: 2000 kroner.

Opptak eller utsetting med eiga vogn: 50 kroner, for ikkje-medlem: 150 kroner.

Styret vart oppmoda om å forsikre seg om kva for ansvar laget har ved eventuelle uhell under slippsetting. Ein må også forsikre seg om at vogna er godkjent.

- e. Strømagift

VEDTAK: 700 kroner.

4. Budsjett

Styret vart oppmoda om å undersøke om det er mogleg å få ei betre straumavtale.

VEDTAK: Framlegg til budsjett vert godkjent etter endring i post 3123 *Utleie slipp* frå 20.000 til 30.000 kroner på grunn av auke i pris for slipping, og med atterhald om positivt vedtak i sak 8.

5. Val

- a. Leiar

VEDTAK: Inge Bakke, 1 år

- b. Styremedlemm

VEDTAK: Ole Bosnes, 2 år

- c. Varamedlem til styret

VEDTAK: Bjørn Jensen, 1 år

- d. Revisor

VEDTAK: Bjørn Berge, 2 år

- e. Valnemnd

VEDTAK: Geir-Ove Liseth, 2 år

Alle vedtak var gjort ved akklamasjon. Leiar takka Alvin Honningsvåg for 8 års teneste i styret og overrekte blomster som takk for innsatsen.

6. Saker frå medlemane

Røystegjeving på årsmøta

VEDTAK: Følgjande vert sett inn i paragraf 7 før «Årsmøtet skal behandle»:

Kvart medlem har ein stemme på årsmøtet, med mindre noko anna vert bestemt.

Kvart medlem kan møte på årsmøtet med fullmakt frå anna medlem, men ingen kan ha fullmakt for meir enn eit medlem. Fullmektigen må legge frem skriftlig og datert fullmakt. Eit vedtak av årsmøtet krev at fleirtallet av dei som deltek i handsaminga av ei sak, har stemt for. Ved stemmelikheit gjeld det som møteleiaren har stemt for. Blanke stemmer skal reknas som ikkje avgitt. Det vert ikkje stilt krav til kor mange av dei røysteføre som må vere tilstades for at årsmøtet skal vere vedtaksdyktig.

7. Saker frå styret

Pris for slipping for ikkje-medlem

§11 Framleige av båtplassar får eit nytt punkt 3: Leigar har rett til å nytte slippen til medlemspris.

VEDTAK: Framlegget vart vedteke med 17 mot 12 røyster.

Prisar for slipping for slippmannskap

§5 Styret får eit nytt punkt 4 under «Styremedlem»: 4. Styremedlemmet kan knyte til seg eit slippmannskap på maksimalt 4 medlemmar i tillegg til seg sjølve. Slippmannskapet kan utan kostnad nytte slippen til eigen båt ein gang per år

VEDTAK: Framlegget vart vedteke samrøystes.

Storleik av båtar

§10, punkt 9 får følgjande tillegg «Ingen båter i hamna skal ha storleik over 10 tonn eller 12 meter.» Vedtektsendringa får ikkje tilbakeverkande kraft. Det vil seie at den ikkje gjeld dei som alt har båter i hamna.

VEDTAK: Framlegget vart vedteke samrøystes.

Arv av andel

§10 punkt 11 endrast til: Båtplass kan berre arvast i direkte linje opp eller nedover i arverekkefølgjen.

VEDTAK: Framlegget vart vedteke samrøystes.

8. Sak frå forrige årsmøtet

Bygging av klubbhus

Årsmøtet 2016 påla styret å greie ut plan for bygging av klubbhus i hamna. Styret orienterte om detaljar i føreslege byggeprosjekt.

a. Det vart først røysta over om det skulle byggjast klubbhus.

VEDTAK: Vidare arbeid med prosjektet vart vedteke med 19 mot 9 røyster. Eit medlem forlot møtet før handsaminga av denne saka.


b. Det vart så røysta over det framlagde prosjektet frå styret.

VEDTAK:

1. Årsmøtet vedtek å bygge klubbhus i hamna innafor ei ramme på 700.000 kroner.
2. Årsmøtet gjev styret fullmakt til, på vegne av laget, om å oppta naudsynt lån på inntil 700.000 kroner.
3. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å velge bank og forhandle om vilkår på vegne av laget.
4. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å underteikne lånedokument på vegne av laget.
5. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å pantsette laget sin eigedom, gardsnummer 56, bruksnummer 131 i kommune 1441 Selje med bygg og anlegg for et låneopptak på inntil 700.000 kroner. Styret skal underteikne panteobligasjonen på vegne av laget.
6. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å organisere dugnad for å realisere bygget og til å krevje inn beløp tilsvarande «frikjøp dugnad» frå alle som ikkje stiller opp etter å ha blitt personleg innkalt via epost eller sms.
7. Årsmøtet ber styret starte arbeidet umiddelbart og sjekke reguleringsplanar, byggeløyve mm.
8. Årsmøtet tek atterhald om at ikkje alvorlege hindringar kjem i veggen.

Protokollen vert godkjent:


Magnar Osmundsvåg


John Haugen